



Ing. K. Dømbe

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/1327 - 15/7953

Saksbehandlar:

Tonje Nepstad Epland

tonje.epland@radoy.kommune.no

Dato:

11.08.2015

Byggesak Gbnr 43/9 Toska - veg, molo, mudring, forlenging av flytebrygge - søknad om løyve - arkivert utan handsaming

Radøy kommune stadfestar å ha motteke dykkar søknad om løyve til tiltak 02.07.2015. Søknaden gjeld veg, molo, mudring og forlenging av flytebrygge.

Det er opplyst i søknaden at tiltaka i hovudsak er utført utan at dei er omsøkt og godkjent.

Ein gjennomgang av søknaden viser at søknaden har følgjande manglar:

- I samband med handsaming av reguleringsplan for Toska Campingsenter ligg det føre krav frå Hordaland Fylkeskommunen om forminneundersøking, jf. uttale frå Hordaland Fylkeskommune av 24.11.97: «Om kommunen likevel ønsker å fremja reguleringsplan for omsøkte tiltak, må det gjerast undersøking av forminne i området.» Kommunen har ikkje dokument i sitt arkiv som viser at det er gjort forminneundersøkingar i området.
- Det er i reguleringsføresegna §6 satt krav til utarbeiding av utbyggingsplan. Kommunen har ikkje dokument i sitt arkiv som viser at det er godkjent utbyggingsplan for området. Kommunen har eit teknisk kart datert 28.08.98, men dette stettar ikkje krav til utbyggingsplan etter føresegnene § 6.
- Tiltaka er etter kommunen sin vurdering heller ikkje plassert/utført i tråd med reguleringsplanen.
- Det er søkt om forlenging av flytebrygge, men kommune har ikkje dokument i sitt arkiv som viser at eksisterande flytebrygge er omsøkt og godkjent.
- P-plass og badeplass er nemnd i følgjebrevet, men det er uklart for kommunen om dette er tiltak som er omfatta av søknaden.
- Det ligg ikkje føre målsett situasjonsplan som viser alle tiltak.

- Det er generelt lite opplysningar om omfang/storleik av tiltaka.
- Ansvarsrett for føretaket Vest Oppmåling er mangelfull i høve erklæringar.
- Ansvarsrett for føretaket Ove Toska er mangelfull i høve erklæringar.
- Vest Oppmåling har søkt ansvarsrett for oppmålingsteknisk prosjektering og utearealer/landskapsutforming. Bygningsstyresmakta kan ikkje sjå at det er søkt om ansvarsrett for PRO øvrige arbeid.
- Det er ikkje opplyst i søknaden om det er/skal utførast vatn- og avlaupsinnstalsjonar som del av tiltaket.
- Det er i gjennomføringsplanen opplyst at det ligg føre samsvarserklæring frå føretaket Vest oppmåling AS av 26.06.15. Det ligg ikkje føre avviksmelding når det gjeld prosjektering/plassering av tiltaka i høve reguleringsplanen.
- Søknaden inneheld søknad om mudring. Etter forureiningsforskrifa § 22-3 er mudring forbode utan at det på førehand er henta inn løyve frå forureiningsstyresmakta.

Fleire av manglane er av ein slik art at kommunen ikkje finn å kunne handsame søknad om løyve til tiltak. Søknaden vert arkivert utan vidare handsaming.

Før eventuell ny innsending av søknad rår kommunen til at det vert halde førehandskonferanse i saka.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Ing. K. Dømbe